

KT/KTE 511(?)
2 008 04673-1

KOPI
20.08.08
775

**DET KONGELIGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Sjå vedlagde adresseliste

Dykkar ref

Vår ref
02/02184-12

Dato **20 AUG. 2008**

**Statkraft Development AS – Skallhalsen vindkraftverk i Vadsø
kommune - klagesak**

I

Statkraft SF søkte den 2.7.2003 om anleggskonsesjon etter energilova for bygging og drift av eit vindkraftverk på Skallhalsen i Vadsø kommune i Finnmark. Statkraft Development AS (Statkraft) står no som søker.

Vindkraftverket er planlagt å ha ei samla installert effekt på ca 40-65 MW. Med 40 MW effekt reknar Statkraft med ein forventet årleg produksjon på ca 140 GWh. Nominell effekt for kvar vindturbin vil vere mellom 2,5 og 5 MW. Det er søkt om ei fleksibel utbyggingsløyse ut frå kva vindturbinar som vil vera tilgjengelege på marknaden på utbyggingstidspunktet.

Høgda over havet til det aktuelle området er ca 120-135 meter. Vindturbinrekka vil vere mellom 2,3 til 4 km lang. Tilkomstvegen frå E75 vil vera ca 2,8 km og vil i hovudsak følgje traseen til eksisterande veg gjennom eit steinbrot ved Skallnes og fram til Skallnesvatnet.

Transformatorstasjonen til vindkraftverket skal etter planen knyttast til den eksisterande 66 kV luftleidningen. Stasjonen vil ha ein kapasitet på 48-70 MVA avhengig av installert effekt i kraftverket. I tilknytting til stasjonen er det planlagt eit servicebygg.

Det planlagde området har gode vindressursar og Statkraft reknar med at det 70 meter over bakken vil vera ein midlare vindstyrke på rundt 9 m/s.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
<http://www.oed.dep.no/>

Kontoradresse
Einar Gerhardsens plass 1

Telefon
22 24 90 90
Org no.
977 161 630

Energi- og vassdragsavdelinga
Telefaks
22 24 95 68

Sakshandsamar
Jarand Felland
22 24 63 83

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) ga anleggskonsesjon med tilhøyrande oreigningsløyve den 5.10.2004.

Forsvarsbygg påklaga vedtaket i brev frå 21.10.2004. Forsvaret viser til at vindkraftverket vil skape problem for Forsvarets infrastruktur. Synspunkta er utdjupa i etterfølgjande korrespondanse og i møter med Olje- og energidepartementet.

Reinbeitedistrikt nr 6 ved advokat Thomas Hjermann klaga på vedtaket den 3.11.2004. Grunngevinga for klaga blei sett fram i brev frå 7.1.2005.

I brev frå 18.1.2005 kjem Statkraft med merknader til klagene. Statkraft har seinare sendt fleire brev til departementet. Brevet er i hovudsak knytt til Forsvarets motsegner.

NVE opprettheldt sitt vedtak i brev frå 8.2.2005 og oversendte saka til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd.

I brev frå advokat Hjermann frå 10.6. 2005 går det fram at Statkraft og Reinbeitedistrikt nr 6 har inngått avtale om kompensasjon for skader, tap og ulemper ved bygging og drift av vindkraftverket på Skallhalsen etter det mest arealkrevjande alternativ.

Den 17.6.2005 sender Statkraft inn ein endringssøknad knytt til plassering, storleiken og talet på vindturbinar.

Olje- og energidepartementet var på synfaring den 25.8.2005. På synfaringa deltok representantar frå Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Forsvarsdepartementet, Vadsø kommune, Statkraft og representantar frå Forsvaret. Møtet og synfaringa var ope for alle interesserte. Sametinget, Reinbeitedistrikt nr 6, Reindriftsforvaltninga i Aust-Finnmark, fylkesmannen i Finnmark, Finnmark fylkeskommune og Statskog var særskilt invitert til å møte, men møtte ikkje.

II

Forsvaret har vist til at eit vindkraftverk på Skallhalsen vil ha store negative verknader for Forsvarets infrastruktur i området. Forsvaret har gjennomført eit grundig utgreiingsarbeid, mellom anna eit forskingsprosjekt ved Forsvarets Forskingsinstitutt. Ein av konklusjonane er at påverknaden er reell og kompleks. Praktiske testar på vindkraftverket på Smøla i 2006 viste at vindturbinar og vindkraftverk påverkar lytte- og peilesystem. Dersom ein ikkje finn effektive avhjelpande tiltak vil den operative evna til Forsvarets lytte- og peilestasjonar verta redusert. Likeeins vil den kystradarstasjonen Forsvaret har i området verta påverka slik at den vil kunne gje feil informasjon om lokalisering av overflatefartøy og fly i låg høgde. Dette vil kunne gje alvorlege konsekvensar for Forsvarets evne til å løyse sine oppgåver i Nordområdet. Det vil

krevjast effektive avhjelpande tiltak for å sikra at passive og aktive sensorar verkar som dei skal.

Tiltak både på vindkraftverket og på infrastrukturen for å motverke dei ulike verknadene på sensorane er vurdert og kostnadsrekna så langt føresetnadene gjer det mogleg. Forsvarets vurdering er at det er eit komplekst problemfelt med stor uvisse, i sær for dei passive sensorane, knytt til effekten av avhjelpande tiltak. Grunnlaget for å vurdere effekten er i hovudsak teoretiske utgreiingar og laboratoriemålingar og er prega av å vera nybrottsarbeid som treng stadfesting gjennom meir underbygging både teoretisk og ved målingar.

Kostnadene ved tiltak som må setjast i verk er i ein storleik på omlag 100 millionar kroner over konsesjonsperioden på 25 år. Fleire tiltak kan og verta naudsynt når ein får røynsle frå drift av vindturbinane, til dømes ein utfyllingsradar for å kompensera redusert dekning for hovudradaren som følgje av at vindturbinane kan gje ein "radarskugge". Samla investeringsbehov for ein utfyllingsradar er kostnadsrekna til 21 millionar kroner.

Forsvarets konklusjon er difor at det er så stor uvisse om effekten av avhjelpande tiltak, og konsekvensane for Forsvarets evne til å gje styresmaktene eit sant situasjonsbilete så alvorlege, at Skallhalsen vindkraftverk ikkje bør byggast.

III

Olje- og energidepartementet vil på grunnlag av sakas dokument, møteverksemd med representantar for Forsvaret og for Statkraft, utgreiingar og det som kom fram under synfaringa 25.8.2005 avgjere klaga frå Forsvarsbygg. Saka har vore til handsaming i departementet i lang tid. Dette skuldast at saka etter ynskje frå Statkraft har vore sett på vent for at ekspertane til Statkraft og faginstansane til Forsvaret skulle ha tid til å gjennomføre fleire utgreiingar av komplisert teknisk karakter, knytt til kraftverkets verknader for Forsvarets infrastruktur.


Styresmaktene må vege fordelane og ulempene ved vindkraftanlegget opp mot kvarandre i vurderinga av om konsesjon skal gjevast etter energilova. Olje- og energidepartementet har gjort ei samla vurdering av dei ulempene som ei utbygging av vindkraftverket inneber for Forsvaret i høve til dei fordelane eit vindkraftanlegg vil innebære for krafttilgangen, næringsutvikling og sysselsetting i området i tillegg til dei inntektene som kjem Vadsø kommune til del.

Olje- og energidepartementet legg til grunn at dei undersøkingane som er gjort viser at Skallhalsen vindkraftverk vil ha store negative verknader på Forsvarets infrastruktur. Vindkraftverket vil få alvorlege konsekvensar for Forsvarets evne til å gje styresmaktene eit sant situasjonsbilete, på same tid som det er stor uvisse knytt til effekten av avhjelpande tiltak.

Olje- og energidepartementet har etter ei heilskapsvurdering kome til at klaga frå Forsvarsbygg må takast til følge. Olje- og energidepartementet gjer såleis om NVEs vedtak frå 5.10.2004 om anleggskonsesjon og oreigningsløyve til Statkraft for vindkraftverket på Skallhalsen. Søknaden om utbygging av Skallhalsen vindkraftverk vert avslått.

Departementets vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Etter fullmakt



Per Håkon Høisveen
ekspedisjonssjef



Kjell Alstad
avdelingsdirektør

Kopi:

Statkraft Development AS, Postboks 200 Lilleaker, 0216 Oslo
Vadsø kommune, Postboks 614, 9811 Vadsø
Finnmark fylkeskommune, Henry Karlsens plass 1, 9815 Vadsø
Fylkesmannen i Finnmark, Statens Hus, 9815 Vadsø
Sametinget, Miljø- og kulturavdelinga, 9840 Varangerbotn
Reindriftsforvaltningen i Aust-Finnmark, Boks 174, 9735 Karasjok
Områdetstyret for reindrift i Aust-Finnmark, Postboks 174, 9735 Karasjok
Finnmarkseigedomen, Postboks 133, 9811 Vadsø
Forsvarsdepartementet, Postboks 8126 Dep, 0032 Oslo
Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Postboks 8019 Dep, 0030 Oslo
Landbruks- og matdepartementet, Postboks 8007 Dep, 0030 Oslo
Miljøverndepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo
NVE, med sakas dokument, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo

Adresseliste:

Forsvarsbygg, Postboks 4394, 2308 Hamar

Reinbeitedistrikt nr 6, ved advokat Thomas Hjermann, Postboks 1214 Vika, 0110 Oslo